



Vonheim blir presentert på Kulturminnedagen 9. september. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Tema for Kulturminnedagen dette året, som blir avvikla 9.september, er forsamlingshus, ungdomshus og bedehus. Kultursjef Kristian Bringedal opplyser til uskedalen.no at den kommunale markeringa av dagen vil bli på Haugland med forsamlingshuset Vonheim og skulemuseet som møteplass**

Overskrifta over markeringa i år er "Til glede og besvær" og målet er å skapa forståing og interesse for kulturminne og kulturmiljø. Sentral i markeringa i 2007 er samhald, dugnad og identitet – i alvor, bøn, fest og glede.

Gjennom ulike arrangement over heile landet skal ein denne dagen i året visa fram kulturkskattar, som historiske monumentar, verneverdige bygninger og gjenstandar, bygningsmiljø og kulturlandskap. Kulturminnedagen er ein del av European Heritage Days. Denne dagen vart markert for første gong i Noreg i 1993 og sidan 1996 har det vore ein fast årleg markering.

- Det er altså frsamlingshus som står i fokus denne gongen og dei som er eigarar av slike hus har med dette ein fin sjanse til å syna fram husa og kva aktivitetar og tilbod dei har, understrekar Bringedal. Dei lag som ønskjer å markera dagen bør ta kontakt med han..
- Vi kan hjelpa til med samordning og felles lysing for tilskippingane, seier kultursjefen.

Av Ola Matti Mathisen